



Årsmelding 2007



Noregs veterinærhøgskole





Røntgenbilde av hund med broten rygg.

Raus

Respekter dyra sin egenverdi og verdien av andre menneske sine erfaringar. Ver raus i all intern og ekstern kommunikasjon. Sett deg **ambisiøse** mål og still høge krav til kvalitet og etikk i alt du gjer. Forsking, undervisning og all anna verksemd skal vere **uavhengig** og fri. Ver **samarbeidande**. Ver open og tolerant i møte med kollegaer og omverda.

NVH skal vere blant dei fremste veterinærmedisinske forskings- og undervisningsinstitusjonane i Europa.



Året ved rektor

Moderniseringa av Noregs veterinærhøgskole (NVH) og regjeringa sitt standpunkt i lokaliseringssaka for NVH har prega arbeidsåret 2007. NVH sine primære standpunkt i saka har vore å modernisere nokre av bygningane i Oslo og samanslåing med Universitetet i Oslo. Statsråd Djupedal i Kunnskapsdepartementet (KD) hadde varsla ei regjeringsavgjerd både i samband med revidert budsjett i mai og då statsbudsjettet for 2008 blei lagt fram i oktober 2007, men den kom ikkje. På hausten fekk vi i staden to nye statsråder i KD og statsråd Aasland fekk ansvar for høgare utdanning og forskning.

I januar 2008 tok regjeringa plutsleg ei avgjerd, og fremja ein eigen stortingsproposisjon om flytting av NVH og VI til Ås og samanslåing av NVH med Universitetet for miljø- og biovitenskap. Statsråd Aasland deltok på eit historisk allmøte på NVH samme dag som avgjerda blei teke i Statsråd. Noregs veterinærhøgskule vil no arbeide for etablering av eit nytt moderne Veterinærmedisinsk fakultet i nye framtidretta bygg for veterinærmedisinsk forskning og utdanning. Dette fakultetet vil vere plassert nær Veterinærinstituttet og samtidig hjelpe til med å byggje eit nytt universitet på Ås. Vi har ein krevjande planperiode framfor oss.

Det har aldri før vore så mange tilsette og studentar ved NVH som i 2007. For fyrste gong blei det teke opp 70 veterinær- og 30 dyrepleiarstudentar, og dei engelskspråklege masterutdanningane har funne ei bra form.

NVH har svært mange søkjarar til studia sine, og talet ligg gledeleg stabilt og høgt. Det er inspirerende og krevjande med så stor interesse for faga våre. Samtidig har vi ein svært god gjennomføringsgrad, ein av dei høgaste i landet. Kvalitetssystemet for utdanningane blei godkjent av NOKUT, og vi fekk ei svært positiv tilbakemelding. Problembasert læring (PBL) som NVH tidlegare har vedteke for profesjonsutdanninga for veterinærar kan nå bli lagt til grunn for planlegginga av nye bygningar på Ås.

Senteret for mattryggleik blei opna i 2007 og representerer ein milestolpe for NVH sitt forskingsfokus på mattryggleik. Det har aldri vore så mange doktorgradsstudentar ved NVH som i 2007, sjølv om vi hadde ein mellombels nedgang i uteksaminerte doktorar. Ei rekkje tiltak har blitt sett i verk for å styrkje forskingsleinga og etablering av større og meir robuste forskningsgrupper. I dette arbeidet har vi hatt stor nytte av dei internasjonale evalueringane av forskinga som vi har gjennomført.



Lars Moe





Katt på overvaking og oppvakning etter operasjon.

Studiar

I 2007 var det 465 studentar ved NVH.

NVH tok for første gong opp 70 veterinærstudentar og 30 dyrepleiarstudentar i 2007. I tillegg starta til saman 17 masterstudentar på dei to programma Master i mattryggleik og Master i akvamedisin. Fordi masterkulla ikkje er fulle, blei det i 2007 laga ein handlingsplan for rekruttering av masterstudentar.



Hund som intuberas for anæsti før operasjon.

Dei fyrste kandidatane som følgde ny studieplan for veterinærstudiet gjekk ut i 2007. Desse er også dei fyrste kandidatane som har gjennomført eit differensieringsår der studenten kan velje mellom smådyrmedisin, produksjonsdyrmedisin, hestemedisin, mattryggleik og akvamedisin. I 2008 vil dei fyrste erfaringane frå det nye opplegget bli evaluert.


I fyrste halvdel av 2007 la høgskulen ned ein stor innsats for å få på plass eit system for sikring av studiekvaliteten. NVH fekk i denne samanhengen gjesting av ein komité nedsett av NOKUT. Komitéen hadde som mandat å evaluere NVH sitt kvalitetssystem. Systemet blei godkjent av NOKUT sitt styre hausten 2007.

I 2007 var det ein sterk auke i talet på utvekslingsstudentar. 7 studentar reiste ut og 12 studentar reiste til NVH i 2007. Til samanlikning var det totalt 5 studentar som deltok i dette i 2006.

NVH gjennomførte ei læringsmiljøundersøking i januar 2007 og arbeidde med oppfølging av denne ut året. Biblioteket fekk svært god evaluering av alle studentgruppene.

I 2007 overtok Studentsamskipnaden i Oslo (SIO) studentkantina på NVH. Erfaringa med denne omlegginga er så langt god.





Elektronmikroskopi frå doktorgradarbeidet til Helene Wisløff. I avhandlinga si har ho karakterisert ulike giftstoff som er å finne i romeplanten og granska giftstoffa sin effekt på nyrecellekulturar på geit og sau. Romeforgifting er den planteforgiftinga som gir størst tap i husdyrnæringa i Noreg.



Forskning

Forskningsstrategi

Forskningsstrategien har sett fokus på forskingsleiing og arbeid for å styrkje høgskulen sin kompetanse på dette området. I 2007 blei det gjennomført eit 2-dagars kurs i forskingsleiing for mange av høgskulen sine leiarar på ulike nivå. Kurset blei oppfatta som svært vellukka og inspirerende.

I strategien er det eit mål at NVH skal auke talet på kvinner i faglege toppstillingar. I løpet av 2007 har NVH sett i gong fleire tiltak for å styrkje dei sjansane kvinner som er tilsett i fyrsteamanuensisstillingar har til å oppnå professorkompetanse, mellom anna ved å gi egne forskarstipend.


Resultatmål

Det blei i løpet av 2007 berre gjennomført 9 disputasar ved NVH. Dette er under målet som var 16 disputasar, og

NVH er langt i frå fornøgd med dette resultatet. Det blei likevel levert inn 20 doktoravhandlingar totalt i løpet av året.

Tilsvarande gjekk NVH sin produksjon av publikasjonspoeng ned med noko over 10 % i 2007 i forhold til 2006. Denne nedgangen har sannsynlegvis ein delvis samanheng med at mange av doktorgradskandidatane ikkje har levert i rett tid.

Det er eit mål at NVH sin prosjektportefølje frå EU sitt 7. rammeprogram skal auke samanlikna med talet på prosjekt finansierte av det 6. rammeprogrammet. NVH sine forskarar sende totalt 6 søknader til fyrste kunngrjeringsrunde. Av desse blei to innstilt til finansiering og tre blei sett på venteliste. Relativt sett er dette ei svært god utteljing i forhold til dei andre norske universiteta og høgskulane.



Bilete av ein arterie hos laks. Sverre Ludvig Seierstad har gjennom doktorgradsarbeidet sitt granska dei biologiske effektane av å erstatte fiskeolje med vegetabiliske oljer i fiskematen og sett på korleis dette mellom anna påverkar hjarte og karhelsa til fisken og mennesket.

Senter for mattryggleik

Senter for mattryggleik blei opna 1. juni 2007. Målet med senteret er å tilby industri og anna relevant verksemd kompetanse innan heile feltet mattryggleik. Senteret vil hjelpe til med å skape eit økonomisk berekraftig fagmiljø ved Institutt for mattryggleik og infeksjonsbiologi, noko som er svært viktig for å kunne halde fram med ein omfattande forskingsaktivitet på dette viktige området.

Nye oppdagingar om fisken sitt immunforsvar

Ein av NVH sine forskargrupper i akvamedisin har dei siste åra hatt fokus på førekomsten av pigmentflekker i fiskekjøtet. Pigmentflekkene består av melanin som har hopa seg opp, og forskargruppa har no vist at dette pigmentet blir produsert av dei kvite blodlekamane til fisken. Spørsmål det blir arbeidd vidare med, er mellom anna korleis fisk bruker melanin som eit aktivt forsvarsmolekyl, korleis dette stoffet dermed fungerer som ein

del av fisken sitt immunforsvar og korleis ulike sjukdomstilstandar påverkar produksjonen av melanin i fisken.

Sebrafisklaboratoriet som nasjonal FUGE-plattform

Sebrafisklaboratoriet ved NVH fekk i 2007 løyve og status som nasjonal FUGE-plattform. Det vil mellom anna seie at det er mogeleg for andre forskingsmiljø i Noreg å gjennomføre forskingsprosjekt ved sebrafisklaboratoriet med støtte frå fagmiljøet der. Mange ulike prosjekt, som spenner frå miljøtoksikologi via prioner og skrapesjuka til romfart og embryo-stamceller, bruker sebrafisk som modell for å studere sjukdomsmekanismar. Ved til dømes å utsetje sebrafisk for naturlege konsentrasjonar av ulike miljøgifter, kan ein måle effektar på helsa til sebrafisken både på genetisk nivå og populasjonsnivå, og slik kan forskarane vise korleis miljøgifter hopar seg opp mellom generasjonane.





Bak frå venstre: Knut Børve (adm.dir, styresekretær), Johan J. Jakobsen (ekstern repr), Åshild Vedvik (student repr), Ronny Reite (TIA ans.repr), Tore Fjell (ekstern repr), Gunnar Dalen (studnet repr), Frode Lingaas (vit.ans. repr), Bente Groven-Syversen (ekstern repr, vara), Hilde Mellgård (vit.ans. repr), Torild Lohne (ekstern repr, vara), Foran frå venstre: Lars Moe (rektor), Yngvild Wasteson (prorektor). Andre faste styremedlemmer: Karen Johanne Baalsrud (ekstern repr), Berit Hovig (ekstern repr).

Styret

Dei viktigaste sakene styret har behandla i 2007

- **Organisering og lokalisering for NVH**
- **Rekneskap, budsjett og handlingsplan**
- **Studieplanar for dyrepleiar- og masterstudia**
- **Handlingsplan for likestilling**
- **NOKUT si evaluering av kvalitetssystemet**
- **Opningsbalanse anleggsmiddel**

Styret meiner Noregs veterinærhøgskole er inne i ei positiv utvikling på mange område, men finn nedgangen i talet på doktorgradar og publikasjonar urovekkjande. Det blir likevel arbeidd godt med oppfølginga av forskingsstrategien. Styret er godt fornøgd med at kvalitetssystemet for utdanningstilboda ved høgskulen blei godkjent av NOKUT i 2007.

Styret meiner at økonomistyringa ved høgskulen er særskild god og at overordna planar og administrasjonen fungerer godt. Høgskulen har i 2007 søkt å integrere risikovurderingar fullt ut som ein del av arbeidet med handlingsplanar

og budsjett. Som eit grunnlag for dette arbeidet har høgskulen utarbeidd egne retningslinjer for risikostyring ved Noregs veterinærhøgskole.

Styret har brukt mykje tid på å følgje opp saka med organisering og lokalisering av NVH. Styret er skuffa over at Stortinget i april 2008 vedtok ei anna løysing enn det som NVH har gått inn for og som også var rådet Dovre-rapporten ga - nemleg framleis lokalisering på Adamstua og organisering saman med Universitetet i Oslo. Styret ser at Stortinget her har lagt vekt på andre omsyn enn dei faglege og økonomiske argumenta som NVH har fremja i saka og som også var grunnlaget for konklusjonane i Dovre-rapporten.

Styret tek Stortinget sitt vedtak til etterretning og vil no arbeide for å få til gode løysingar på Ås. Styret meiner derfor at det er viktig å vere offensive og påverke prosessane framover slik at NVH oppnår eit godt resultat for veterinærfaget og samfunnet.


Nøkkeltal

	2007	2006
Totalt tal studenter (eks doktorgradsstudenter)	465	431
Dyrepleiarstudiet	47	30
Veterinærstudiet	372	356
Tilleggsutdanning for utanlandske studenter	2	3
Mastergradsstudiet	44	41
Doktorgradsstudiet	113	83
Produksjon		
Årseiningar, 60 ECTS-studiepoeng	362,7	377,5
Kandidatar, totalt	84	64
Doktorgradskandidatar	9	16
Publikasjonspoeng	94	107,3
Tilsette (årsverk)		
Ordinær verksemd	364,1	350,7
Oppdragsverksemd	82,7	82,9
Sum tilsette	446,8	433,6
Kvinnedel i %	59,9	60,3
Omsetning (mill kr)		
Tilskot frå KD (BFV)	221,2	203,4
Tilskot frå NFR (BFV)	43,4	45,6
Ekstern finansiert verksemd (EFV)	63,8	61,3
Andre inntekter	9,4	7,1
Sum driftsinntekter	337,9	317,9



Høgskulen sin organisasjon

Organisasjonskart pr 1. mai 2008





Noregs veterinærhøgskole





Noregs veterinærhøgskole

Besøksadresse: Ullevålsveien 72

Postadresse: Postboks 8146 Dep, 0033 Oslo

Tlf. 22 96 45 00 – www.veths.no

